




# NYTT FRÅ AVD. 547



## HELSING FRÅ LEIAR

Fellesferien nærmar seg med stormskritt og mange av dykk har allereie gått ut i ein velfortent ferie. Tida frå årsmøtet fram til no nok har vorre ein hektisk tid for mange og da spesielt våre Hovudtillitsvalte. Det er difor ekstra kjekt å kunne meddela at me i løpet av våren har fått forhanda fram eit større frikjøp av HTV. Dette har medført at me kan ynskja Lars Magne Nordheim velkommen som HTV, i tillegg til Siv Laila og Anne Elisabeth Lunde. Det å få inn hans kompetanse og erfaring frå tekniske tenester er gull verd og me er svært nøgde med at den tidigare tillitsvalte no og bidreg i vervet som HTV.

Fagforbundet Sogndal er i rute jamfør vedtatt handlingsplan og aktiviteten i foreininga er jamt over god. Me driv på grønt nivå i følgje Fagforbundet Vestland, noko som syner at vi er ein fagforeining som fungera godt.

Fleire plassstillitsvalte har komme i gong med klubbmøta ute på arbeidsplassane og fleire møter vil det bli utover hausten. Fagforeningsstyre og mange av dei tillitsvalte har deltatt på skulering i Bergen opp mot lov og avtaleverk og mange av dei tillitsvalte har endeleg fått tilbod om turnuskurs. Vi har ein aktiv web- og facebookside der me formidlar relevant informasjon ut til medlemmane våre. På heimesida vår kan du nå lese om fagskoletilbod i Songdal, om vervekonkuransen med rålekre premiar og mykje anna.

Styret vil med dette ynskje alle våre medlemmar ein riktig god summar og ta gjerne kontakt med underteikna om du har ris, ros eller gode innspel å komma med.

- Raymond

## LES MEIR OM:

[Helsing frå leiari](#)

[Styre- og tillitsvaldkurs](#)

[Streikeførebuing](#)

[1. mai](#)

[Sommarfestival](#)

[Vervekonkurranse](#)

[Medlemstal](#)





## STYRE- OG TILLITSVALDKURS

Den 11 mai kl 16:30 satte ein lattermild gjeng med tillitsvalte og styremedlemar seg i bussen på Sogndal skysstasjon. På vegen til Bergen plukka me opp den eine og den andre og når me sjekka inn på hotellet var me totalt 29 stykk frå Fagforbundet Sogndal.

Kompetancesenteret i Bergen og regionsekretæren Bjørn Hatlelid i Fagforbundet Vestlandet hadde sveisa saman eit kursopplegg retta mot tillitsvalde og styremedlemmar. Målet med kurset var å trygga dei tillitsvalte og styremedlemmane iden rolla dei har teke på seg, lære kvarandre å kjenne og motivera til klubbmøte ute i avdelingane. Etter ein lang kursdag torsdag fekk deltakarane servert ein trerettters middag på hotellet før me tok turen ned på Lille Ole Bull og ein standupforestilling som verkeleg falt i smak.

Kl 15:30 fredag ettermiddag takka styreleiaren kurshalderanene for ein godt gjennomført samling før me gjekk ombord i bussen som tok oss heim til Sogndal. Tilbakemeldingane på kurset var gode og styret er godt nøgd med at me endeleg fekk gjennomført denne kurssamlinga.



Latermild gjeng på stand up.

# FØREBUING TIL STREIK

Fagforbundet Sogndal fekk 1. mai beskjed om å førebu seg til streik og klargjere lister med namn til Fase I og Fase II av streiken. Ein eigen streikekomité vart etablert der styreleiaren og fungerer som streikeleiar.

I samband med ein streik er det særstakt at medlemsregisteret er oppdatert. For å sikra oss om me hadde rett informasjon vart heile 250 av våre yrkesaktive medlemmar kontakta per telefon av fagforbundsstyret. Heile styret deltok i denne ringedugnaden og fekk korrigert mykje informasjon i medlemsregisteret. Alle i styret som deltok i denne ringedugnaden opplevde det heile som såpass vellykka og kjekt at det er godt mogleg at me tek ein slik ringerunde årleg. Ikkje berre for å bekrefte medlemsopplysningane, men også for å halde kontakt med det enkelte medlem i Sogndal.

Streikekomiteen hadde i dei kommande dagane fleire møte der me fordele arbeidsoppgåver. Den 18. mai, kl 14:00 leverte streikeleiar Raymond Lind og Fane II ansvarleg Svein Harald Hovland, lista med 29 namn til arbeidsgjevar om kven som skulle takast ut i streik dersom streiken vart eit faktum. I første fase var det reinhald, tekniske tenester, parkering og administrasjonen som vart råka. Dei streikande vart informert på morgonen 19. mai ved sms og seinare e-post. Her fekk dei informasjon om at dei kunne bli tekne ut i streik, og kva dei skulle gjera dersom det vart streik.

Mandag kl 14:00 overleverte streikekomiteen ei ny nameliste med i overkant av 60 namn på arbeidstakarar som skulle takast ut i streik dersom streiken vart trappa opp. Streikekontoret var klart, streikevaktlister var organisert og streikevestane var klar, no måtte me berre vente. Meklingsfristen ved midnatt 23. mai kom og gjekk utan at dei kom til semje. Meklinga fortsette utover natta, gjennom morgonen og først langt ut på føremiddagen kom meldinga om at partane var blitt samde og det ikkje vart streik. Det var nok mange som var letta over å kunne fortsetja arbeidsdagen som normalt. Fagforbundet Sogndal er nøgd med utfallet og det som vart resultatet av meklinga. Styreleiaren ynskjer å takka styret og streikekomiteen for eit godt utført arbeid.



# 1. MAI

Første mai er ein gamal merkedag for alle verdas arbeidrar. Føremålet med Arbeidarane sin internasjonale kampdag er at folk samlar seg og demonstrerer for å kjempa om viktige saker. I Norge har denne dagen vore raud i kalendaren heilt sidan 1947.

For å markera dagen i dag tok nestleiaren vår Keyty, saman med Tea og Ida, og hengte opp rauda flagg langs ruta til 1. mai-toget. Litt frukost måtte til før oppdraget kunne ta til (sjå biletet).

Toget starta ved Trudvang skule og gjekk til kommunehuset i Sogndal. Der var det arrangement med korps og appellar.



F.v. nestleiar Keyty saman med Tea og Ida.



# SOMMARFESTIVAL

Den yngre garde i styret har vore aktive sidan sist. I tillegg til å delta på 1. maifeiringa, har dei også vore på Sommarfestivalen 20.-22. mai på Hurdalsjøen hotell. Her fekk dei fagleg og sosialt påfyll, mellom anna frå forfattar og LO-rådgjevar, Jonas Bals som snakka om streik, og Geir Aker som me kanskje kjenner best som fenriken i Kompani Lauritzen, delte tankar kring samhald og motivasjon.

Vil du sjå meir frå Sommarfestivalen kan du [sjå ein flott film](#) på Facebook.



# VERVEKONKURRANSE

Fram til 31. november kører med ein vervekonkurranse og me ønskjer at alle blir med!



Prøv å verve der du kan. Verv ein ven, ein kollega, foreldre, kjærast, eller studenten din. I tillegg til flotte premiar som Fagforbundet sentralt gjev deg, så har me og ordna med ekstra premiar lokalt til dei fire som verva flest nye medlemmar i perioden.

Har du spørsmål? Ta kontakt med nestleiar, Keyty Planeta, på e-post: [avd547.nestleder@fagforening.fagforbundet.no](mailto:avd547.nestleder@fagforening.fagforbundet.no)



Her får du 10 gode grunnar til å verta medlem i Fagforbundet:

1. Fagforbundet si hovudoppgåve er å sikra deg gode og trygge løns- og arbeidsvilkår. Me passar på at arbeidslivet sine speleregler vert følgd.
2. Som medlem får du profesjonell hjelp ved usakleg oppseiing, yrkesskade eller brot på tariffavtalen.
3. Fagforbundet har om lag 400 000 medlemmar, 17 000 tillitsvalde og mange flinke folk som står klar til å hjelpe deg når du treng deg.
4. Me har mange gode yrkesfaglege tilbod til medlemmane.
5. Yrkesaktive medlemmar kan søka om stipend til utdanning og kurs.
6. Dei tillitsvalde på arbeidsplassen din hjelper deg om det oppstår usemje med arbeidsgjevar. Du får rådgjeving, rettleiing og hjelp ved konfliktar.
7. Fagforbundet jobbar politisk fordi du som arbeidstakar har det best når styrande politikarar jobbar med oss, og ikkje mot oss. Fagleg-politisk arbeid og samarbeid gjev oss styre og gjennomslagskraft. Du blir ikkje medlem av noko parti når ein melder seg inn i Fagforbundet. Ditt partival er ditt eige!
8. Me kjempar for å få gjennomslag for vår politikk ovanfor dei politiske partia. Fagforbundet vil ha eit meir rettferdig samfunn, med meir fellesskap, meir samhald og eit trygt og inkluderande arbeidsliv.
9. Som medlem i Fagforbundet får du tilsentt Fagbladet i posten 10 gonger i året.
10. Som medlem i Fagforbundet får du Norge si beste innbuforsikring, samt andre forsikringar og tilbod gjennom LOfavør.

## MEDLEMSTAL

Per 20.06.22 har Fagforbundet Sogndal totalt 843 medlemmar.

Yrkesaktive - 484

Lærlingar - 27

Studentar - 55

Pensjonistar - 222